

Kontrollutvalget i Forsand kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterom på kommunehuset
Dato:	21.04.2016
Tidspunkt:	Kl. 9.00
Møtenr:	2

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
8/16	Godkjenning av protokoll fra møte den 11.02.16
9/16	Skatterekneskap 2015 med kontrollrapport frå skatteetaten
10/16	Uttale til årsrekneskapen for 2015 - Forsand kommune
11/16	Ny plan for forvaltningsrevisjon - innspel frå administrasjonen
12/16	Innspel til plan for forvaltningsrevisjon i møte med politikarar 16.03.16
13/16	Statusoversikt prosjekt og kontrollar pr. april 2016

Referatsaker/meldinger

Periode:		11.02.2016 - 21.04.2016
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
2/16	16/00302-1	Melding om vedtak fra kommunestyret - Årsplan 2016 Forsand kontrollutval
3/16	16/00310-1	Tilsynsrapport fra Fylkesmannen - Forsand skule

[Medlemsoversikt](#)

Vennligst meld eventuelt forfall snarest på telefon 51 33 65 90 evt. 97 07 19 25 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer innkalt særskilt. Medlemmer som anser seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkalles.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Forsand kommune, 15.04.2016

Inger Anita Merkesdal
Leder av kontrollutvalget

Leni Tande
Sekretariatet

8/16 Godkjenning av protokoll fra møte den 11.02.16

Arkivsak-dok. 16/00164-4
Arkivkode. 033
Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	21.04.2016	8/16

Protokollen frå møte den 11.02.16 vart lagd fram for kontrollutvalet til godkjenning, sjå vedlegg.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møte den 11.02.16.

SANDNES, 16.02.2016

Leni Tande
Førstekonsulent

Vedlegg:
[Protokoll frå 11.02.16](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

9/16 Skatterekneskap 2015 med kontrollrapport frå skatteetaten

Arkivsak-dok. 16/00047-3
 Arkivkode. 232
 Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	21.04.2016	9/16

Bakgrunn

Kontrollutvalet har mottatt «Årsrapport for 2015» frå skatteoppkrevjaren i Forsand kommune og «Kontrollrapport 2015 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Forsand kommune», frå Skatteetaten (sjå vedlegg). Kontrollrapporten er sendt til kommunestyret i Forsand med kopi til kontrollutvalet.

I tråd med uttale frå Skattedirektoratet i 2004, vert skatterekneskapet lagd fram for kontrollutvalet og kommunestyret til orientering. Skatteoppkrevjar er invitert til å orientere i møtet.

Saksutgreiing

Skatterekneskapen for 2015 viser ein samla skatteinngang på 153,7 mill. kr. Av dette er kommunen sin del av skatteinntektene 47,7 mill. mot 46,4 mill. i 2014. Dette er ein auke frå året før på 1,3 mill. kr meir fordelt til kommunen.

Kommunen har satt av 10% til marginavsetning. Dette er midlar som er heldt tilbake, for å dekke utbetalingane av skatt til gode når skatteoppgjøret blir klart i påfølgande år.

Ved utgangen av 2015 var det restansar mot skattytarar i kommunen på i alt 1,6 mill. kr. Dette er ein nedgang på 0,3 mill. kr. i høve til i fjor.

Arbeidsgjevarkontrollen er i 2015 kjøpt inn frå Stavanger kommune.

Kontrollrapporten summere opp dei ettersyn som Skatteetaten har utført i 2015, samt gir kommentarar til det avlagte skatterekneskapet. I kontrollrapporten konkluderer skatteetaten med følgende:

- Intern kontroll er i det alt vesentlege i samsvar med gjeldande regelverk
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen er i samsvar med gjeldande regelverk.
- Skatte og avgiftsinntekter er i det alt vesentlege i samsvar med gjeldande regelverk
- Arbeidsgjevarkontroll er gjennomført i tråd med gjeldande regelverk, men ikkje utført i eit tilstrekkeleg omfang då det er utført 4,2 % kontroller mot eit krav på 5%.

Kontrollutvalet kan berre ta sjølve rekneskapet til orientering. Revisjonshandlingane knytt til dette rekneskapet er ein statleg oppgåve. Kontrollutvalet har likevel ei tilsynsrolle overfor skatteoppkrevjar, og kan om ønskeleg kommentere organisering av arbeidet m.v.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand kommune tar skatterekneskapet for 2015 til orientering.

Saken vidaresendes kommunestyret til orientering

SANDNES, 18.02.2016

Leni Tande
Førstekonsulent

Vedlegg:

[Kontrollrapport Forsand 2015 - skatteetaten.pdf;](#)

[Årsrapport 2015 - kemneren.pdf](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

10/16 Uttale til årsrekneskapen for 2015 - Forsand kommune

Arkivsak-dok. 16/00057-1
 Arkivkode. 212
 Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	21.04.2016	10/16

Bakgrunn

Iht. Forskrift om kontrollutval § 7 skal kontrollutvalet gje ein uttale om kommunen sin årsrekneskap til kommunestyret. Uttalen må gis slik at formannskapet kjenner til den før dei gir innstilling til kommunestyret om årsrekneskapen. Rekneskapen må derfor først leggjast fram for kontrollutvalet.

Etter forskriftas §8 skal kontrollutvalet òg sjå til at revisors merknader i forhold til rekneskapet (årsoppgjernotat) vert følgt opp.

Som tidlegare år er årsrekneskap og årsmelding sendt ut frå kommunen. Revisjonsberetning og revisjonen sitt årsoppgjernotat ligg som vedlegg til denne saka.

Forsand Elverk KF sitt rekneskap er ein del av kommunen sin årsrekneskap, og blir i år handsama i same sak som kommunen. Som kommunalt føretak er Forsand Elverk KF underlagt same tilsyn frå kontrollutvalet som kommunen, og kontrollutvalet har difor same rett til å knytte kommentarar til denne rekneskapen, som dei har til kommunerekneskapen.

Saksutgreiing

Saka omfattar Forsand kommune sin årsrekneskap og årsmelding samt det kommunale føretaket Forsand Elverk KF.

Forsand kommune

Det framlagte regnskapet for 2015 viser 142,9 mill. kr til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 730.672. Netto driftsresultat er på minus 2.4 mill.kr, mot 3.5 mill. kr eller 1.95% av driftsinntektene førre år.

I årsmeldinga kommenterer rådmannen rekneskapen for 2015, der han mellom anna skriv:
«Årsrekneskapet for seksjonane og fellestenestar syner et mindreforbruk på kr 3,7 mill. Bakgrunnen for dette positive resultatet er at det vart tilbakeført pensjonsinnbetalingar på til saman kr 7,9 mill. Samstundes var det et premieavvik på kr 2,6 mill. som var utgiftsført. Korrigert for desse føringane ble årsresultatet i samsvar med prognosen frå tertialrapport pr. 31.08.15. Nettodriftsresultat ble negativt på grunn av urealisert tap på finansielle omløpsmidlar. Utan denne føring ville nettodriftsresultat ha vært 3,6 %.»

Revisjonsberetning og andre merknader frå revisor.

Rogaland Revisjon har avgitt standard revisjonsberetning for 2015.

Årsoppgjørnotatet oppsummerar årsoppgjøret og revisjonen gjennom året.

I årsoppgjørnotatet vurderer revisor internkontrollen som god men peike på at føretaket er sårbart i forhold til nøkkelpersonell.

Notatet saman med revisjonsberetninga dannar grunnlaget for den oppfølginga som kontrollutvalet eventuelt må foreta iht. forskriftens § 8. Revisor vurderer i årsoppgjørnotatet at det ikkje er forhold som dei meiner at kontrollutvalet treng å følge opp. Kontrollutvalet kan likevel om ønskeleg gjere ei sjølvstendig vurdering på dette punktet.

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i rekneskapen dei vil kommentere i sin uttalelse til kommunestyret, basert på dokumenta i saken og orientering gitt i møtet.

Kommunale føretak:

Sekretariatet har òg motteke rekneskap og årsmelding for Forsand Elverk KF, Rekneskapen til **Forsand Elverk KF** for 2015 visar netto årsoverskot etter skatt på 2.84 mill.kr. Dette vert føreslått disponert med at 3.mill. kr vert sett av til utbytte til kommunen medan resten på 157 534,- vert overført til eigenkapital. For 2015 vil ikkje overskot på samla verksemd dekkja eigaruttaket til kommunen og det er difor naudsynt at dette blir dekkja frå eigenkapitalen. Eigenkapitalandelen er fortsatt høg med 80,5%.

Revisor har gitt standard revisjonsmelding for 2015. I årsoppgjørnotatet vurderer revisor internkontrollen som god men peike på at føretaket er sårbart i forhold til nøkkelpersonell. Revisor er elles av den oppfatning at årsrekneskapen er gitt i samsvar med lover og forskrifter, og har ingen kommentarar til budsjett og årsmelding.

Avsluttande kommentarar

Rådmann og økonomisjef er invitert til å orientere om kommunen sin årsrekneskap og årsmelding. Frå Forsand Elverk KF er dagleg leiar Kjell Inge Bjørheim og økonomileiar Solveig E. Larsen invitert til å orientere om føretakets årsrekneskap. Det vert elles vist til utsendte dokument og orientering gitt i møte.

Revisjonsberetning saman med årsoppgjørnotat dannar grunnlaget for den eventuelle oppfølginga kontrollutvalet må foreta i medhald av føreskrifta § 8. Det er ingen merknader i revisjonsberetning eller årsoppgjørnotat som krev oppfølging frå kontrollutvalet si side.

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i rekneskapen dei vil kommentere i si uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saken og orientering gitt i møtet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand har ingen kommentarar til det framlagte årsrekneskapet 2015 for Forsand kommune, ut over det som går frem av revisors årsoppgjørnotat og revisjonsberetning.

Kontrollutvalet i Forsand har ingen kommentarer til det framlagte årsrekneskapet 2015 for Forsand Elverk KF, ut over det som går frem av revisors årsoppgjørnotat og revisjonsberetning.

SANDNES, 30.03.2016

Leni Tande
Førstekonsulent

Vedlegg:

[Årsmelding 2015 Forsand kommune](#)

[Årsrekneskap 2015 Forsand kommune](#)

[Revisjonsberetning 2015](#)

[Årsoppgjørnotat 2015](#)

[Forsand Elverk Årsrapport og revisjonsberetning 2015](#)

[Forsand Elverk årsoppgjørnotat 2015](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

11/16 Ny plan for forvaltningsrevisjon - innspel frå administrasjonen

Arkivsak-dok. 16/00053-6
Arkivkode. 144
Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	21.04.2016	11/16

Bakgrunn:

Kontrollutvalet er ifølge føreskriftene pålagt å utarbeida ny Plan for forvaltningsrevisjon innan utgangen av året etter siste kommuneval. I samanheng med utarbeiding av ny plan bør kontrollutvalet få innspel frå både politisk og administrativ leing i tillegg til innspel frå revisor og evt. sekretariatet.

Til dette møtet er derfor administrasjonen v/rådmannen invitert til å koma med innspel til aktuelle prosjekt.

Saksutgreiing:

Sekretariatet har invitert rådmannen til å orientere om det er nokre områder kor kommuneadministrasjonen ser for seg at det kunne vært nyttig å få en gjennomgang?

Det er opp til rådmannen å avgjere kven frå administrasjonen som skal vere på orienteringa

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet tar administrasjonens innspel til Plan for forvaltningsrevisjon til etterretning.](#)

SANDNES, 17.03.2016

Leni Tande
Førstekonsulent

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

12/16 Innspel til plan for forvaltningsrevisjon i møte med politikarar 16.03.16

Arkivsak-dok. 16/00053-8
Arkivkode. 144
Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	21.04.2016	12/16

Bakgrunn:

Den 16. mars hadde kontrollutvalet møte med politiske leiarar for å få innspel til ny plan for forvaltningsrevisjon.

Saksutredning:

Representantar frå dei fleste inviterte partigruppene møtte. Sekretariatet har laga ei oppsummering av dei vesentlegaste punkta som vart foreslått, sjå vedlegget.

Det vert ikkje lagt opp til ei vidare behandling av innspela på dette møtet. Rådmannen vert invitert til å koma med sine innspel, deretter vil kontrollutvalet kunne starta arbeidet med å samanfatta og prioritera blant de innspela som er komne inn.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar foreløpig innkomne innspel til orientering.

Dei mottatte forslaga vil vera eit grunnlag saman med øvrige innspel når kontrollutvalet skal prioritera nye område for forvaltningsrevisjon i den nye Plan for forvaltningsrevisjon.

SANDNES, 31.03.2016

Leni Tande
Førstekonsulent

Vedlegg:

[Referat fra møte med politikarar 16.03.16 .pdf](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

13/16 Statusoversikt prosjekt og kontrollar pr. april 2016

Arkivsak-dok. 16/00287-4
Arkivkode. 217
Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
I Kontrollutvalet i Forsand	21.04.2016	13/16

Bakgrunn:

Sekretariatet legg til kvart møte i kontrollutvalet fram ei oversikt over saker og andre prosjekt kontrollutvalet arbeider med eller har bestilt frå revisor/evt. andre. Oversikta skal vera kontrollutvalets reiskap for å kunne følgje behandling og framdrift i sakene, samt ha oversikt over tidlegare behandla saker.

Saksutredning:

Under denne saka kan kontrollutvalet ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor dersom dei er til stades kan gje utvalet orientering om status på prosjekter dei arbeider med, og avklare endringar om det er nødvendig.

Oversikta over avslutta saker viser kva saker som blir ferdig behandla i inneverande valperiode. Det er foreløpig ingen saker her.

Til dette møtet er det følgjande endringar:

- *Forvaltningsrevisjon «Legekantoret» er utsatt til junimøte.*
- *Den overordna analysen for selskapskontroll er bestilt og vert forventa ferdig til møtet i september.*

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek statusoversikt pr. april 2016 til orientering.

SANDNES, 16.02.2016

Leni Tande
Førstekonsulent

Vedlegg:

[Statusoversikt pr. april 2016](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

Referat- / Meldingssaker

[2/16 Melding om vedtak fra kommunestyret - Årsplan 2016 Forsand kontrollutval](#)

[3/16 Tilsynsrapport fra Fylkesmannen - Forsand skule](#)

Vedlegg:

Oppfølging av tilsynsrapport

[Saksliste](#)